

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5.

Fylke: Hordaland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Hosanger.

Emne: Vassbering.

Bygdelag: Indre Hosanger.

Oppskr. av: Edv. Halvorsen

Gard: Romarheim

(adresse): Romarheim

G.nr. 42 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Etter eldre folk på Romarheim, ca. 80 år gamle.

SVAR

Det var ålmenn måte i heile Osterfjorden før å bera alt vatnet i bytter, med vass-sele over akslene. Vass-selen kvilde på både akslene, med uthola opning midt på. Frå endane på vass-selen hang tau med tre-krokar; seinare vart det og brukta jarnlekkja og jarn-krokar.

Dei brukta berre trebytter i eldre tid; kring hundreårs-skiftet (1900) tok dei til å brukta andre bytter til vassbering, og kring 1920 var det heilt slutt med å bera vatn i trebytter.

Det har ikkje vore brukt på desse kantar å bera vatn på annan måte enn med vass-sele, såleis ikkje med stong over akslene.

Ein brukta ikkje noko sers for å hindra skvumpling når ein bar vatn; det var heller ikkje så turvande, for når ein bar, så heldt ein i ei handkvart byttehalde, og då vart det stødigare.

Det var utan samanlikning kona som laut taka tyngste taket med vassberingi, men av og til fekk ho nok hjelp av borni og mannen.

Dette med å bera vatn ved hjelp av vass-sele, vart - som før nemnt - brukta ålmement, på små og større gardar, og det finst enno gardar her ikring, der dette er den vanlege måten å få vatnet til husar på.

Reint unnataksvis har det hendt at ein har kjørt vatn; det er berre i dei tilfelle, når dei vanlege kjelder tryt, og ein av den grunn lyt lenger veg.

I dei siste 20 - 30 år har fleire og fleire gått over til innlagt vatn, (spring); som orientering kan nemnast, at i Romarheim krins (i 1947) har 11 gardsbruk innlagt vatn både i fjøs og kjøken, medan 6 bruk enno ber vatnet. Stort sett er tilhøvi dei same i dei andre krinsane i Hosanger også.

1340

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING  
adr. NORSK FOLKEMUSEUM  
BYGDØY